



**DET KONGELIGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget  
Ekspedisjonskontoret  
Karl Johans gate 22  
0026 OSLO

Deres ref  
Spm nr 500

Vår ref  
14/337

Dato  
12.03.2014

**Svar på skriftlig spørsmål nr 500 frå representanten Sveinung Rotevatn**

Storingsrepresentant Sveinung Rotevatn har stilt følgjande spørsmål:


*Vil statsråden vurdere om norske forbrukarar, på lik linje med andre europearar, skal få tilstrekkeleg produktinformasjon ved å merke egg frå burhøns?*

Det er i dag frivillig for norske produsentar om dei vil merke eggekartongar med produksjonsform, men det er vanleg at norske eggpakkeri merkar kartongar med egg ifrå frittgåande og økologiske system.

Dei tradisjonelle nakne bura som tidlegare blei nytta i eggproduksjonen, blei forbodne i 2012. Dette har medført at mange produsentar har investert i nye og moderne bur med miljøinnreiing. Ei samanlikning mellom dei ulike driftsformene som blir nytta i dag, konkluderar med at det er fordelar og ulempar ved alle. Det er difor ikkje mogleg å utpeika ei driftsform som eintydig betre enn dei andre ut frå omsynet til dyrevelferd.

I og med at eggpakkeria frivillig har tilpassa merkinga slik at forbrukarane har eit rimeleg godt utgangspunkt for å gjere informerte val, ser eg ikkje behovet for å innføre nye regler og meir byråkrati.

Med helsing

  
Sylvi Listhaug